



## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Blix Hotell Vik</b>
<b>Møtedato</b>	<b>24.04.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00-16:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

Noralv Distad H  
Arnstein Menes Sp  
Gunn Sande Sp  
Harald Bjarte Reite Ap  
Gunnhild Berge Stang V  
Stein Malkenes MDG

**Forfall til møtet:**

Bjørn Hollevik H  
Sigurd Reksnes Sp  
Helen Hjertaas Ap

**Varamedlemmer til stades:**

Per Egil Hellebust Ap

**Til stades med møte- og talerett:**

Dina Lefdal

**Sekretariat for møtet:**

Monica Åsnes

Hovudutval for samferdsle valde møteleiar og Stein Malkenes til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Synfaring og orientering frå Vik kommune v/ordførar Olav Turvoll

Orientering frå Statens vegvesen v/Svenn Finden

Orientering frå kollektiv v/Øystein Hunvik

## **SAK 14/18      Luftputebåten Veitastrond - driftstilskot**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden om utbetaling av driftstilskot for 2017 vert ikkje imøtekomen. Hovudutval for samferdsle viser til at fv. 337 til Veitastrond no er sikra mot skred ved Buskredene, Bjødnabakken og Lindeskreda. I tillegg er det «radarovervaking» av området som varslar om det kjem skred ved Utladøla. Ut i frå dette legg hovudutvalet til grunn at det ikkje lenger er grunnlag for at fylkeskommunen skal yte driftstilskot til luftputebåten.

### **Endringsframlegg:**

Hovudutval for samferdsle sette fram slik tilråding til fylkesutvalet:

Søknaden om utbetaling av driftstilskot for 2017 vert imøtekomen. Vidare viser hovudutval for samferdsle til at fv. 337 til Veitastrond no er sikra mot skred ved Buskredene, Bjødnabakken og Lindeskreda. I tillegg er det «radarovervaking» av området som varslar om det kjem skred ved Utladøla. Ut i frå dette legg hovudutvalet til grunn at det frå 2018 ikkje lenger er grunnlag for at fylkeskommunen skal yte driftstilskot til luftputebåten.

### **Avrøysting:**

Fylkesdirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget. Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Hovudutvalet for samferdsle rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Søknaden om utbetaling av driftstilskot for 2017 vert imøtekomen. Vidare viser hovudutval for samferdsle til at fv. 337 til Veitastrond no er sikra mot skred ved Buskredene, Bjødnabakken og Lindeskreda. I tillegg er det «radarovervaking» av området som varslar om det kjem skred ved Utladøla. Ut i frå dette legg hovudutvalet til grunn at det frå 2018 ikkje lenger er grunnlag for at fylkeskommunen skal yte driftstilskot til luftputebåten.

---

## **SAK 15/18      Budsjett 2019 - økonomiplan 2019 - 2022 Samferdsle**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for samferdsle sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til tilpassing innanfor gjevne sektorrammer.
2. Hovudutval for samferdsle vil peike på utfordringar knytt til å følgje opp tunnelrehabiliteringsplanen. Regional transportplan syner at behovet for løyvingar til drift og vedlikehald i perioden 2018 - 2021 er omlag 100 - 150 mill. kr høgare enn driftsramma for at forfallet på vegnettet ikkje skal auka og at vi skal gjennomføre plan for tunnelrehabilitering. Hovudutval for samferdsle ber om at ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet vert auka med minimum 50 mill. kr i årleg i perioden 2020-2022.
3. Hovudutval for samferdsle ber om at ramma til kollektivområdet vert auka med 9 mill. kr årleg frå 2019 for å dekkje uføresett auka kostnadsauke i bussanbod Sogn. Hovudutvalet syner

også til at drivstoffprisar og rente er på veg oppover etter nokre år med nedgang. Dette vil auke kostnadane i buss- og båtkontraktane.

4. Hovudutvalet for samferdsle vil peike på utfordringane knytt til å nå gjeldande målsetjingar om utsleppsreduksjon av klimagassar. Dei eksisterande kontraktane på ekspress- og lokalbåt går ut 30.04.2022. Pr. i dag kan det sjå ut til at bestilling av nullutsleppsteknologi på ekspress- og lokalbåt vil kunne medføre ein kostnadsvekst på opp mot 100 mill. kr årleg. Å lyse ut anbod på båttrutene er ein omfattande og tidkrevjande prosess der ein tidleg må ta val som vil påverke kostnaden.

#### **Endringsframlegg:**

Framlegg frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Miljøpartiet De Grønne til erstatning for siste setning i punkt 2 frå fylkesdirektøren:

Ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet må aukast med minimum 68 millionar kroner årleg i perioden 2020-2024 for at den fylkeskommunale planen for tunnelvedlikehald skal kunne gjennomførast. Hovudutval for samferdsle er svært kritisk til at staten no ikkje vil bidra med midlar til denne oppgraderinga. Utan tilførsel av midlar frå staten kan ikkje oppgraderinga gjennomførast slik det er føresett.

Framlegg frå Høgre og Venstre til erstatning for siste setning i punkt 2 frå fylkesdirektøren:

Ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet må aukast med minimum 68 millionar kroner årleg i perioden 2020-2024 for at den fylkeskommunale planen for tunnelvedlikehald skal kunne gjennomførast. Hovudutval for samferdsle vil sterkt oppmoda om at staten yter tilskot slik at oppgraderinga vert gjennomført som føresett.

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til tillegg i punkt 4:

Hovudutval for samferdsle ber om det vert laga eit omstillingsprosjekt for den fylkeskommunale satsinga på nullutslepp innan kollektivområdet. Det bør setjast av ekstra midlar til å supplere med ressursar og fagkunnskap. Utvalet ber om ei skisse til eit slikt prosjekt i neste møte.

#### **Avrøysting:**

Det vart punktvis røysting.

Punkt 1 frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Framlegga til endring i punkt 2 vart sett opp mot kvarandre. Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet og Miljøpartiet De Grønne fekk 5 røyster. Arnstein Menes og Gunn Sande, begge Senterpartiet, Harald Bjarte Reite og Per Egil Hellebust, begge Arbeidarpartiet, og Stein Malkenes, Miljøpartiet De Grønne røysta for.

Framlegget frå Høgre og Venstre fekk to røyster, Noralv Distad, Høgre, og Gunnhild Berge Stang, Venstre, og fall.

Punkt 2, med vedtekne endringar vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 vart samrøystes vedteke.

Punkt 4 frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke som punkt 4a.

Tilleggsframlegget frå hovudutval for samferdsle vart samrøystes vedteke som punkt 4b.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Hovudutval for samferdsle sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til tilpassing innanfor gjevne sektorrammer.
2. Hovudutval for samferdsle vil peike på utfordringar knytt til å følgje opp tunnelrehabiliteringsplanen. Regional transportplan syner at behovet for løyvingar til drift og vedlikehald i perioden 2018 - 2021 er omlag 100 - 150 mill. kr høgare enn driftsramma for at forfallet på vegnettet ikkje skal auka og at vi skal gjennomføre plan for tunnelrehabilitering. Ramma til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet må aukast med minimum 68 millionar kroner årleg i perioden 2020-2024 for at den fylkeskommunale planen for tunnelvedlikehald skal kunne gjennomførast. Hovudutval for samferdsle er svært kritisk til at staten no ikkje vil

bidra med midlar til denne oppgraderinga. Utan tilførsel av midlar frå staten kan ikkje oppgraderinga gjennomførast slik det er føresett.

3. Hovudutval for samferdsle ber om at ramma til kollektivområdet vert auka med 9 mill. kr årleg frå 2019 for å dekkje uføresett auka kostnadsauke i bussanbod Sogn. Hovudutvalet syner også til at drivstoffprisar og rente er på veg oppover etter nokre år med nedgang. Dette vil auke kostnadane i buss- og båtkontraktane.
4.
  - a. Hovudutvalet for samferdsle vil peike på utfordringane knytt til å nå gjeldande målsetjingar om utsleppsreduksjon av klimagassar. Dei eksisterande kontraktane på ekspress- og lokalbåt går ut 30.04.2022. Pr. i dag kan det sjå ut til at bestilling av nullutsleppsteknologi på ekspress- og lokalbåt vil kunne medføre ein kostnadsvekst på opp mot 100 mill. kr årleg. Å lyse ut anbod på båtrutene er ein omfattande og tidkrevjande prosess der ein tidleg må ta val som vil påverke kostnaden.
  - b. Hovudutval for samferdsle ber om det vert laga eit omstillingsprosjekt for den fylkeskommunale satsinga på nullutslepp innan kollektivområdet. Det bør setjast av ekstra midlar til å supplere med ressursar og fagkunnskap. Utvalet ber om ei skisse til eit slikt prosjekt i neste møte.

---

## **SAK 16/18      Skriv og melding 24.april**

- 1 Pressemelding Utviklingskontrakt hurtigbåt 10.04.18
- 2 Riks- og fylkesvegane i fjordfylket må skred- og rassikrast
- 3 Tilskotsprogram for skredsikring fylkesveg 2018, Sogn og Fjordane
- 4 Vakre vegers pris 2018 - meld inn kandidater
- 5a Konseptval Rv15
- 5b Notat SD 050418
- 5c Vedlegg reiseavstandar Geiranger
- 5d Konsekvensar av nattestenging av Strynefjellstunnelane - 05.04.2018
- 6 Årsrapport 2017, Trygg Trafikk Sogn og Fjordane
- 7 Utvidet TT-ordning - tildeling av midler for 2018

### **VEDTAK:**

Hovudutval for samferdsle ber om eit notat om kollektivtilbodet i Vestland fylkeskommune, mellom noverande fylke.

### **VEDTAK:**

Hovudutval for samferdsle oppmodar Nettbuss om å legge til rette for overgangsbillettering og bruk av verdikort på Nettbuss sine ruter.

---